



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel
ved anskaffing av:

HFK-16-0042 Evaluering av museumsreforma i Hordaland



| | |
|--|---|
| FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL | 1 |
| VED ANSKAFFING AV: | 1 |
| 1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER..... | 3 |
| 1.1 Om Oppdragsgjevar | 3 |
| 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson | 4 |
| 1.3 Anskaffinga gjeld | 4 |
| 1.4 Tidsplan | 5 |
| 2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV | 5 |
| 3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM..... | 6 |
| 3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen | 6 |
| 3.1.1 Generelt om leveransen | 6 |
| 3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt | 6 |
| 3.1.3 Kontrakt | 6 |
| 3.2 Tildelingskriterium | 6 |
| 3.3 Anskaffingsprosedyre | 7 |
| 3.4 Krav til tilbudet og innleveringsstad | 7 |
| 3.5 Tilbudsfrist | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| 3.6 Vedståingsfrist | 8 |
| 3.7 Tildeling av kontrakt og grunngjeving | 8 |
| 3.8 Innsyn i dokument | 8 |
| 4 VEDLEGG | 8 |

1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurranse om anskaffing av «Evaluering av museumsreforma i Hordaland».

I sak om evaluering av museumsreforma i Utval for kultur-, idrett og regional utvikling 180/2015, går det fram at:

«Kultur- og ressursutvalet ser det som viktig at ei evaluering av museumsreforma i Hordaland omfattar både nasjonale, regionale og lokale interesseområde, og at ein ser på frivilligheit, kommunale- og private samlingar som del av reformbiletet.»

Evaluering av museumsreforma i Hordaland er eit tiltak i «Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025».

1.1 Om Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 600 tilsette, eit årleg driftsbudsjett på om lag 7 700 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag 4 400 millionar (2014) og eit årleg driftsbudsjett på om lag 7 087 millionar kroner (2014).

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av Fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, om lag 435 vidaregåande skular, og 6 tannhelsedistrikt med totalt 56 tannklinikkar.

Kultur- og idrettsavdelinga har kultur- og idrettsfeltet i Hordaland som arbeidsområde. Museumsfeltet høyrer saman med kulturminnevernet inn under seksjon for Fylkeskonservatoren.

Saman med staten og kommunane hadde Hordaland fylkeskommune ei koordinerande rolle i samband med museumsreforma. Hordaland er eit stort museumsfylke og består i dag av ti konsoliderte einingar og mange private og kommunale samlingar.

Den regionale museumspolitikken etter museumsreforma er nedfelt i «Regional plan for museum 2011-2015 Musea i samfunnet» som er ført vidare i «Premiss: Kultur, regional plan for kultur 2015-2025».

Med evaluering av museumsreforma vil ein få vurdert måloppnåinga av den nasjonale reforma for dei konsoliderte musea i Hordaland, og såleis korleis musea evner å ivareta sitt samfunnsoppdrag. Evalueringa omfattar også kva reforma har hatt å seie for frivilligheit og kommunale- og private samlingar. Saman med evalueringar frå andre fylke, vil den gi eit bilete på verknad og resultat av reforma, og vert difor eit viktig verktøy i både regionale og nasjonale diskusjonar.

1.2 Oppdragsgjever sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjever er:

| | |
|--------------|---|
| Namn: | Elisabeth Bjørsvik |
| Postadresse: | Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen |
| e-post | Elisabeth.bjorsvik@hfk.no |

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjever enn nemnde kontaktperson.

1.3 Anskaffinga gjeld

Hordaland fylkeskommune ønskjer ei evaluering av museumsreforma for dei konsoliderte musea i Hordaland. Evalueringa skal føreligge som ein digitaliserbar rapport, klar for publisering på nett og trykking. Innsamla materiale (statistikk etc) skal vere tilgjengeleg for Hordaland fylkeskommune og kunne brukast i andre samanhenger.

Hordaland er eit stort museumsfylke med ti konsoliderte museum etter den nasjonale museumsreforma. Desse er: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Olav H. Hauge-senteret, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Sunnhordland museum.

Ei evaluering bør omfatte hovudmålsetjingane i reforma, både fagleg og organisatorisk, samtidig som den må omfatte område som Hordaland fylkeskommune som aktiv politikkkutformar ønskjer å få ei utgreiing om. I alt er det 7 hovudpunkt som ein vil ha utgreia. Desse er:

1. Hovudmålsetingane i museumsreforma (økonomi, besøk, stordriftsfordelar, profesjonalisering)
2. Organisering, særleg tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre
3. Konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar. Til dette punktet høyrer at regionale ansvarsmuseum er Hordaland si satsing i regional museumsplan i høve private og kommunale samlingar
4. Korleis frivilligheit har utvikla seg etter konsolideringa
5. Evaluering av Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso.
6. Organisering av fellestenestene i Hordaland, Bevaringstenestene, som del av ei konsolidert eining – Museumssenteret i Hordaland
7. Musea sitt arbeid med den immaterielle kulturarven

Evalueringa skal ha med dei relevante aktørane perspektiv: eigarane (kommunar, eigarstiftingar og andre), frivillige, leiing og tilsette ved musea, politikkkutformarar, brukarar. Evalueringa vil kunne gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken.

Viktige grunnlagsdokument er: Stortingsmelding nr. 22 (1999/2000) «Kjelder til kunnskap og oppleving», Stortingsmelding nr. 49 (2008/2009) «Framtidas museum», «Regional plan for museum 2011-2015 Musea i samfunnet», «Organisering av museene», Norsk Kulturråd 2013. I tillegg vil det vere viktig å setje seg inn i rapportar/utgreiingar knytt til etablering av Bevaringstenestene og Kabuso.

Kjøp av denne konsulenttenesta vert omfatta av «Lov om offentlege anskaffingar». Samla verdi av kjøpet er lågare enn kr. 500 000 kr.

Arbeidet, inkludert reise- og møteverksemd, har ei vurdert kostnadsramme på 400 000 kr. Reise- og møteverksemd skal vere inkludert i tilbodet.

Hordaland fylkeskommune har rettane til dokumentet/rapporten.

Den eller dei som får oppdraget skal arbeide tett opp mot Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune. Dei må delta i oppstartsmøte med oppdragsgjevar og dei konsoliderte musea, elles jamlege møte etter behov. Ein vil ha eit utkast til diskusjon innan 15. september. Det vert arrangert eit møte med Kultur- og idrettsavdelinga og dei konsoliderte musea innan 1. oktober for å diskutere utkastet.

Framlegg til evaluering av museumsreforma i Hordaland skal vere ferdig til 30. oktober 2016.

1.4 Tidsplan

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|--------------------------|
| Invitasjonen sendt til tilbydarar /konkurranse vert kunngjort | Veke 9 2016 |
| Frist for å levere tilbod | 8. april 2016, kl. 12 |
| Eventuelle intervju | Veke 16 (18.- 22. april) |
| Tilbodsevaluering og val av tilbod | Veke 18 (2.- 6. mai) |
| Kontraktinngåing | Veke 21 (23.- 27. mai) |
| Oppstart av kontrakt | 6. juni. 2016 |

2 Krav til leverandørane - kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

Leverandøren må ha erfaring frå tilsvarande utgreiingar/evalueringar, anten innan museumssektoren eller andre nærliggande sektorar. Ein må dokumentere kjennskap til feltet. Dette skal dokumenterast ved tidlegare utgreiingar/rapportar. Tilbydar skal oppgi fullt namn og leggje ved cv til den/dei som er tenkt inn i prosjektet.

Tilbodet skal innehalde ei prosjektomtale på max. 8 sider med skildring av korleis oppgåva er tenkt løyst, mellom anna med val av metode og problemstillingar knytt til dei ulike hovudtema i evalueringa. I tillegg skal det kome fram i kva grad og korleis ein vil involvere aktuelle partar. Ein bør også gjere greie for korleis evalueringa vil skilje seg frå tilsvarande evalueringar. Har ein tidlegare erfaringar som gjer at evalueringa kan gjerast på ein ny/annan måte? Val må grunngjevast. Det skal også

leggjast fram framdriftsplan og budsjett. Reise/møteverksemd skal vere inkludert i tilbodet og skal spesifiserast.

Oppdraget skal gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffelser og tilhøyrande forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) del I. Det kan bli aktuelt med intervju/forhandlingsmøte, men truleg ikkje ordinære forhandlingar. Vi ber difor om at tilbydar gjev sitt beste tilbod.

3 Krav til ytinga og tildelingskriterium

3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

3.1.1 Generelt om leveransen

Evalueringa skal omfatte dei 7. punkta som er nemnt. I tillegg er det ein føresetnad at evalueringa er slutført og rapport ferdigstilt innan 30. oktober 2016. Evalueringa skal føreligge som ein publisierbar rapport. Statistikk og anna materiale som vert samla inn i samband med undersøkinga, skal gjerast tilgjengeleg og kunne nyttast av Hordaland fylkeskommune også i andre samanhenger.

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med konkurransen skal gå føre seg på norsk.

3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Leveringstidspunkt(er) for ytinga(ne) er 30.oktober 2016, med dellevering/ukast til diskusjon innan 15. september.

3.1.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktsvilkår.

3.2 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut ifrå følgjande kriterier:

| Tildelingskriterium | Prioritet/vekt |
|----------------------------|-----------------------|
| Pris | 40 % |
| Kvalitet | 40 % |
| Service og levering | 20 % |
| | |

Med kvalitet viser ein mellom anna til val av metode og sjølv utføringa av evalueringa. I kva grad ein nyttar metode og erfaringar til å «løfte» problemstillingar og innhald i høve tidlegare prosjekt og korleis ein vil løyse dei 7 ulike områda i evalueringa. Det er ein føresetnad at ein har kjennskap til sektoren og erfaring frå liknande arbeid. Ein legg også vekt på i kva grad undersøkinga vil gi nytt talmateriale.

3.3 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er fritaken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

Forhandlingar

Oppdragsgjevar tek atterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/samtale etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i FOA § 3-1 og reglane om teieplikt i § 3-6.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gi sine beste prisar i første tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

3.4 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Innlevering på epost:

Tilbodet skal leverast på norsk. E-posten skal merkast «HFK-16-0042.Evaluering av museumsreforma.»

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrief som skal være datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst

Tilbodet skal leverast til:

Namn: «Elisabeth Bjørsvik»

Adresse: «elisabeth.bjorsvik@hfk.no»

3.5 Tilbodsfrist

Tilbodsfrist er sett til 8. april 2016, kl. 12.00.

Tilbodet skal være oppdragsgjevar i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbodsfristen.

3.6 Vedståingsfrist

Leverandørane er bunde av tilbodet til 20. mai 2016, kl. 12.00.

3.7 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

3.8 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjevaren er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbodet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

4 Vedlegg

Vedlegg 1: Kontraktvilkår